



Kålås & Sønn AS Byggevarehandel
Sauvågen 83
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/907 - 15/18648

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
13.10.2015

Godkjenning- Endring av gitt løyve, oppføring av einebustad med utleige, gbnr 40/45 på Espetveit

Administrativt vedtak. Saknr: 371/2015

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke etter Plan- og bygningslova § 20-1 journalført 30.09.2015 i Meland kommune. Søknaden gjeld endring av gitt tillatesle frå 3.3.2014 (DNT-sak 19/14) for oppføring av einebustad med utleige på gnr 40, bnr 45 på Espetveit.

Endringa gjeld endring av ansvarsrettar for Solstrand Mur & flis AS til Solstrand Mur AS. Tidlegare gitt ansvarsrett utgår, ny ansvarsrett erstattar.

Nabovarsling:

Søknaden er ikkje nabovarsla, søknaden gjeld endring av ansvarsrett. Meland kommune fritar søkjar frå nabovarsling med heimel i Plan- og bygningslova § 21-3 andre ledd.

Godkjenning av ansvarsrettar:

Føretak:	Godkjenningsområde:
Solstrand Mur AS Org. Nr: 915475175 Lokal godkjenning	UTF, Pipe og ildsted, tkl 1 UTF, Membran og flis i våtrom, tkl 1

Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 endring av gitt tillatelse for oppføring av einebustad med utleige på gbnr 40/45 på Espetveit i samsvar med søknad journalført 30.9.2015.

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf ovanfor.

Dei opplysningar om byggetiltak som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket er innstilt i lengre tid enn to år, jf. Pbl. § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av Plan- og bygningslova, så fram det ikkje følgjer anna av vedtaket her».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Kåls & Sønn AS Byggevarehandel

Sauvågen 83

5915

HJELMÅS